



Vang kommune

Rådmannskontoret

Statens Vegvesen
Oppland vegkontor
Postboks 1010 Skurva
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SUNHAK -17/603 -9

Arkiv:

2017006, L12

Vår dato:

07.06.2018

Melding om vedtak av plan - Kvamskleiva

Kommunestyret vedtok i møte den 24.5.2018 i sak 022/18 reguleringsendring av E16 Kvamskleiva – rassikring (plan-ID: 2017006).

De blir med dette varsla om planvedtaket i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 12-12. Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området.

Kommunen takkar for bidrag i planprosessen. Les meir om endringar av plankart, føresegner og planomtala etter høyring og offentlig ettersyn i saksframlegga og -protokollen.

Saksdokument

Plankart, reguleringsføresegner og planomtala slik dei blei vedtekne, kopi av saksframlegg og -protokoll og andre sentrale saksdokument er tilgjengelege på heimesida til kommunen: www.vang.kommune.no.

Dokumenta vil òg vere tilgjengelege i resepsjonen hos kommunen i perioden fram til klagefristen går ut. Dersom de ønskjer ein kopi av dokumenta, kan de kontakte resepsjonen.

Eventuelle klagar

I samsvar med pbl § 12-12 er grunneigarar og andre varsla ved dette brevet, og planvedtaket blir kunngjort i Avisa Valdres i veke 23. Fristen for å klage på vedtaket er etter forvaltingslova (fvl) § 29 sett til 2.7.2018.

Kommunen opplyser om tilgangen til å be om utsett iverksetjing av vedtak inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. fvl § 42. Nærmare orientering om utsett iverksetjing og klagerett er tilgjengeleg på heimesida under «kart, plan og bygg» og «kommunal planlegging».

Etter at klagefristen er ute, vil vi orientere forslagsstillaren, partar som saka får direkte konsekvensar for, og regionale myndigheiter om eventuelle innkomne klagar på vedtaket.

Erstatning/innløyising

Krav om erstatning etter pbl § 15-2 og krav om innløyning etter den same lova § 15-3 må setjast fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjord.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
arealplanleggjar
Dir. tlf.: 61369474
E-post: hakon.berg.sundet@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Oppland	Miljøvernavingdelinga	2626	LILLEHAMMER
NVE Region øst	Vangsveien 73	2317	HAMAR
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER

Vedlegg:

- Planskjema